

Til Finansdepartementet

17. oktober 2012

**Tilråding om utelukking av SOCO International plc. frå
investeringsuniverset til Statens pensjonsfond utland**

Innhald

1	Samandrag	1
2	Innleiing.....	2
	2.1 Kva rådet har tatt stilling til.....	2
	2.2 Kjelder	3
3	Bakgrunn.....	3
4	Hovudproblemstillingar og Etikkrådet sine funn	3
	4.1 Virunga nasjonalpark og verdsarvområde.....	3
	4.2 Petroleumsinteresser i og rundt Virunga nasjonalpark	6
	4.2.1 Blokk V	6
	4.2.2 SOCO sine aktivitetar så langt	6
	4.3 Nasjonale lover og internasjonale normer	8
5	Informasjon frå selskapet	10
6	Etikkrådet si vurdering	12
7	Tilråding.....	13

1 Samandrag

Etikkrådet tilrår å utelukke det britiske olje- og gasselskapet SOCO International plc. (SOCO) frå Statens pensjonsfond utland (SPU) på grunn av ein uakseptabel risiko for at selskapet gjennom sin olje- og gassaktivitet i Den demokratiske republikken Kongo (DRC) vil vere ansvarleg for alvorleg miljøskade. Tilrådinga er basert på selskapet sine planar og aktivitetar i blokk V i austlege DRC som i stor grad overlappar med Virunga nasjonalpark og verdsarvområde. Per 31. desember 2011 hadde SPU aksjar i selskapet med ein marknadsverdi på NOK 208 millionar, tilsvarande 2,27 prosent av aksjane i selskapet.

SOCO har interesser i blokk V gjennom dotterselskapet SOCO Exploration and Production DRC. SOCO er operatør for ein joint venture (JV) som består av statlege La Congolaise des Hydrocarbures (Cohydro) med 15 prosent interesse og SOCO med 85 prosent interesse.

Etikkrådet har vurdert verdiane og sårbarheita til Virunga nasjonalpark og verdsarvområde, dei potensielle konsekvensane av SOCO sine planar og aktivitetar, konflikhtar med lovverk og internasjonale normer, SOCO sine førebyggjande og avbøtande tiltak når det gjeld miljøskade, og om det er truleg at selskapet sine aktivitetar vil halde fram.

Virunga nasjonalpark er den eldste nasjonalparken i Afrika og ein av dei største på kontinentet. På grunn av sine særleg viktige universelle verdiar har nasjonalparken fått fleire internasjonale vernestatusar, inkludert FN (UNESCO) sin status som verdsarvområde for naturarv og eit våtmarksområde av internasjonal viktighet under Ramsar-konvensjonen. Nasjonalparken ligg i den mest artsrike regionen i fastlands-Afrika og er blant dei mest artsrike verneområda globalt. Parken har ein uvanleg stor variasjon i naturtypar og har mange sjeldne og trua artar, inkludert artar som ikkje finst andre stadar i verda. Det er få natur- og verneområde i verda som har verdiar på høgde med Virunga nasjonalpark.

Nasjonalparken har dei siste 20 åra vore utsett for ei rekke alvorlege truslar, til dømes borgarkrigsliknande tilstandar, ulike væpna grupper som har hatt tilhald i parken, organisert krypskyting, organisert ulovleg hogst og produksjon av trekol, ulovleg leiting etter mineral og metall, ekstrem fattigdom rundt parken, store mengder internt fordrivne og flyktningar nær parken, ein svært ustabil tryggleikssituasjon og avgrensa ressursar hos parkforvaltninga som skal handtere desse truslane. Difor vart nasjonalparken plassert på FN si liste over verdsarv i fare i 1994 ("List of World Heritage in Danger"). Nasjonalparken er framleis på denne lista og er blant dei mest trua verneområda i verda. Parken har sett bestandane av mange artar bli meir enn halvert, i nokre tilfelle redusert til kritisk låge nivå.

SOCO har starta førebuande aktivitetar for å undersøke potensialet for, og kartlegge førekomstane av, petroleumsressursar i blokk V inne i Virunga nasjonalpark og vil gjennomføre ytterlegare aktivitetar inne i nasjonalparken og verdsarvområdet.

Etikkrådet har hatt kontakt med SOCO om selskapet sine aktivitetar og planar i blokk V. SOCO uttalar at selskapet vil gjennomføre sine planar så lenge styresmaktene i DRC ynskjer det. Selskapet viser til DRC sin rett og plikt til å utnytte landet sine naturressursar og skape utvikling og samfunnsmessige fordelar frå naturressursane. SOCO meiner at selskapet sitt nærver og framtidige støtte til ansvarleg naturressursforvaltning og vern av nasjonalparken kan vere positiv gitt dei avgrensa ressursane parkforvaltninga har, og den store fattigdommen i området. SOCO meiner at planlagde aktivitetar i nasjonalparken verken er i strid med lovverket i DRC eller FN sin verdsarvkonvensjon.

Selskapet har allereie gjennomført aktivitetar i nasjonalparken som etter Etikkrådet si vurdering er i strid med FN sin verdsarvkonvensjon (t.d. rekognosering) og lovverket i DRC.

Viktigare er likevel at selskapet planlegg meir omfattande aktivitetar (t.d. helikopterbaserte studiar, seinare seismikk både på Edward-sjøen og på landområde i nasjonalparken og seinare eventuelt leiteboringar) som også vil vere i strid med FN sin verdsarvkonvensjon, lovverket i DRC og ei rekke internasjonale standardar.

Rådet vurderer konsekvensane av olje- og gassleiding, og eventuelt seinare produksjon, i eit så sårbart og verdifullt verneområde som svært alvorlege. Rådet finn at når det gjeld førebygging av skadar på nasjonalparken og verdsarvområdet, er det berre stopp i aktiviteten til SOCO i dei områda av blokk V som ligg i Virunga nasjonalpark, som vil ha tilstrekkeleg verknad. I den utfordrande situasjonen som rådar i og rundt den sårbare nasjonalparken, finst det truleg ikkje avbøtande tiltak som kan forhindre alvorlege skadar på naturverdiane i parken om SOCO leitar etter og eventuelt utvinn olje eller gass i parken. Om selskapet held fram med planlagde aktivitetar i nasjonalparken, vil UNESCO truleg måtte fjerne verdsarvstatusen for Virunga. Truleg vil styresmaktene i DRC måtte redusere arealet av eller fjerne nasjonalparken sidan olje- og gassleiding er i strid med naturvern- og miljølovverket.

SOCO har som uttalt mål å gjennomføre olje- og gassaktivitetar i nasjonalparken. Rådet vurderer difor den framtidig risiko for miljøskade som stor. Konsekvensane vil mest truleg vere at nasjonalparken og verdsarvområdet vert langvarig eller irreversibelt skada eller øydelagt.

2 Innleiing

Etikkrådet vedtok i november 2010 å vurdere fondet si investering i det britiske olje- og gasselskapet SOCO¹ opp mot retningslinjene for observasjon og utelukkning frå SPU sitt investeringsunivers (dei etiske retningslinjene).² Bakgrunnen var informasjon om selskapet sine planar som kunne påverke Virunga nasjonalpark og verdsarvområde i austlege DRC.

Ved utgangen av 2011 eigde SPU aksjar i selskapet til ein verdi av NOK 208 millionar, tilsvarande ein eigedel på 2,27 prosent av aksjane i selskapet.

2.1 Kva rådet har tatt stilling til

Etikkrådet har vurdert om det er ein uakseptabel risiko for at SOCO er ansvarleg for alvorleg miljøskade etter dei etiske retningslinjene § 2, tredje ledd bokstav c. Det er lokalt, nasjonalt og internasjonalt framført omfattande kritikk mot selskapet si verksemd i blokk V i austlege DRC. Kritikken er særleg retta mot selskapet sine aktivitetar og planar i Virunga nasjonalpark og verdsarvområde som dekkar delar av blokk V. Etikkrådet har også motteke ei rekke førespurnadar frå ulike organisasjonar i samband med selskapet sine aktivitetar i blokka. Etikkrådet har mellom anna vurdert verdiane og sårbarheita til området og potensielle konsekvensar ved SOCO sine planar og aktivitetar. Etikkrådet vurderer kva som er alvorleg miljøskade i kvar enkelt selskapsutgreiing og ut frå ei samla vurdering av konkrete operasjonar og aktivitetar. Rådet legg mellom anna vekt på om:

- skaden er stor,
- skaden medfører irreversible eller langsiktige verknadar,
- skaden har store negative konsekvensar for menneske sine liv og helse,

¹ Selskapet har *Issuer Id.*: 225665.

² <http://www.regjeringen.no/nb/sub/styrer-rad-utvalg/etikkradet/etiske-retningslinjer.html?id=425277>.

- skaden er eit resultat av brot på nasjonale lover eller internasjonale normer,
- selskapet har unnlata å handle for å hindre skade,
- selskapet har gjennomført tiltak for å rette opp skadeomfanget i tilstrekkeleg grad, og om
- det er sannsynleg at selskapet sin praksis vil fortsette.

2.2 Kjelder

Etikkrådet har innhenta og vurdert informasjon og dokumentasjon³ gjennom ein stegvis prosess som starta med identifisering av skuldingar om potensielle normbrot knytt til SOCO sine planar og aktivitetar i Virunga nasjonalpark. Etter innleiande undersøkingar tok rådet kontakt med selskapet i mars 2011. SOCO har svart skriftleg på spørsmål frå rådet og delt informasjon med rådet i løpet av utgreiinga. Selskapet kommenterte også på eit utkast til tilråding i august 2012. Etikkrådet har henta inn offentleg tilgjengeleg informasjon frå selskapet, styresmakter, forskarar, internasjonale organisasjonar, frivillige organisasjonar og media.

3 Bakgrunn

Olje- og gasselskapet SOCO har aktivitetar i Vietnam, Republikken Kongo (Brazzaville), DRC og Angola. Selskapet er involvert i både leiting og produksjon. SOCO har hovudkvarter i London der selskapet også er børsnotert.

SOCO har interesser i blokk V i det austlege DRC gjennom dotterselskapet SOCO Exploration and Production DRC Sprl. som SOCO kontrollerer og eig 85 prosent av.⁴ SOCO er operatør for ein joint venture (JV) som per august 2012 består av statlege La Congolaise des Hydrocarbures (Cohydro) med 15 prosent interesse og SOCO med 85 prosent interesse.⁵

4 Hovudproblemstillingar og Etikkrådet sine funn

4.1 Virunga nasjonalpark og verdsarvområde


Virunga nasjonalpark er den eldste nasjonalparken i Afrika og vart etablert som Albert nasjonalpark i 1925 og er seinare utvida fleire gangar. Dette verneområdet ligg ved ekvator i austlege DRC (sjå figur 1 under). Austsida av parken grensar i stor grad mot Uganda og fleire ugandiske verneområde som Semuliki, Rwenzorifjella og Queen Elisabeth nasjonalparkar. I søraust grensar Virunga nasjonalpark mot Rwanda sin Volcanoes nasjonalpark og Uganda sin Mgahinga Gorilla nasjonalpark. Virunga nasjonalpark dekkar også storparten av Edward-sjøen på grensa mellom DRC og Uganda. Virunga er ein av dei største nasjonalparkane (7 900 km²) på kontinentet. Nasjonalparken vert forvalta av den statlege organisasjonen Institut

³ Sentral dokumentasjon er referert til i fotnotar. Referansar til websider var tilgjengelege per 17. oktober 2012.

⁴ Den ikkje-kontrollerande delen på 15 % er eigd av Quantic Finance Ltd. (SOCO 2012. "Annual Report and Accounts 2011". s. 88). Quantic eig også aksjar i SOCO International plc. (<http://www.quanticoil.com/quantic.html>). Quantic er privateigd. Det er personmessig overlapp i leinga for SOCO og Quantic.

⁵ I mars 2008 undertekna SOCO, Dominion Petroleum Ltd. og Cohydro ein produksjonsdelingsavtale (*Production Sharing Contract*, PSC) for blokk V. I 2008 hadde Dominion 46,75 % interesse i blokk V. Dominion vart kjøpt opp av Ophir Energy plc. tidleg i 2012. SOCO kjøpte i juli 2012 Ophir Energy sine 46,75 % av JV, og SOCO sin del av JV auka frå 38,25 til 85 %. SPU var per 31.12.2011 ikkje investert i andre selskap enn SOCO i JV for blokk V.

Congolais pour la Conservation de la Nature (ICCN) som har ansvaret for nasjonalparkforvaltning i DRC.



Figur 1 Lokalisering av DRC (mørk grønn, til venstre) og Virunga nasjonalpark (lys grønn, til høyre) i austlege DRC langs grensa til Uganda og Rwanda (raud linje representerer landegrenser i utsnitt til høyre).

Nasjonalparken er blant dei aller mest artsrike verneområda i verda.⁶ Nasjonalparken ligg i den mest artsrike regionen i fastlands-Afrika. Denne uvanleg artsrike regionen, ofte kalla Albertine Rift, har mellom anna over 50 prosent av fugleartane i Afrika, 39 prosent av pattedyrartane, 19 prosent av amfibiumartane og 14 prosent av reptil- og planteartane. Albertine Rift har over 1 000 artar som ikkje finst andre stadar i verda (endemiske artar), og innanfor Albertine Rift er Virunga nasjonalpark det verneområdet med flest artar totalt og flest endemiske artar.⁷ Den unike parken har stor variasjon i naturtypar. Parken har savanneområde med store pattedyr som elefant, bøffel, flodhest, ei rekke antilopeartar og store rovdyr. Innsjøar og våtmarker har eit variert og svært rikt dyre- og planteliv. Regnskog og fjellskog har særleg mange sjeldne artar. Aktive og utdøydd vulkanar, snaufjell og isbrear bidreg til parken sitt store mangfald av landskap og naturtypar. Virunga har mange trua artar som står på den internasjonale "raudlista".⁸

⁶ Languy, M. & de Merode, E. (red.) 2009. "Virunga: the Survival of Africa's First National Park". Lannoo, Tielt.

⁷ Plumptre, A.J., Behangana, M., Davenport, T., Kahindo, C., Ndomba, E., Nkuutu, D., Owijuni, I., Ssegawa, P. & Eilu, G. 2003. "The Biodiversity of the Albertine Rift". Albertine Rift Technical Reports No. 3. Wildlife Conservation Society, Ny York og Kampala.

⁸ IUCN Red List (www.iucnredlist.org).

Nasjonalparken har fått ulike internasjonale vernestatusar på grunn av sine unike verdiar. Virunga nasjonalpark vart etablert som verdsarvområde av FN (UNESCO) i 1979,⁹ mellom anna på grunn av dei unike økologiske, geologiske og landskapsmessige verdiane som er vurdert å vere særleg viktige universelle verdiar.¹⁰ Nasjonalparken vart også anerkjent som eit Ramsar-område, det vil seie ei våtmark av internasjonal viktighet, i 1996.¹¹ Parken sine store naturverdiar er mellom anna illustrert ved at området er inkludert i dei fleste globale prioriteringar for naturvern og biologisk mangfald, inkludert WWF sine økoregionar,¹² Conservation International sine "biodiversity hotspots",¹³ BirdLife International sine "Important Bird Areas"¹⁴ og "Endemic Bird Areas"¹⁵ og prioriteringar til *Critical Ecosystem Partnership Fund*.¹⁶ I tillegg er området viktig for vassforsyning i området, vatn i Nilen samt fiskeri i innsjøar som Edward-sjøen og Albert-sjøen, begge delt mellom DRC og Uganda.

Grunna den svært ustabile tryggleikssituasjonen i austlege DRC er det i dag lite turisme i parken. Ved hjelp av store investeringar frå internasjonale donorar er turismeinfrastrukturen i delar av parken vesentleg oppgradert dei seinare åra. Talet på turistar aukar kraftig (om lag 100 % kvart år dei siste åra), men er framleis på eit lågt nivå totalt sett.

Dei siste 20 åra har nasjonalparken vore utsett for ei rekke alvorlege truslar, og parkforvaltninga har erfart store utfordringar og tidvis direkte konfrontasjonar med dødeleg utfall både for parktilsette og inntrengarar. På grunn av mange og alvorlege truslar vart parken i 1994 plassert på FN si liste over trua verdsarv ("List of World Heritage in Danger"),¹⁷ ei eksklusiv liste i negativ forstand. Dette inneber også ei oppmoding til det internasjonale samfunn om å sette i verk ekstra tiltak og støtte for å ta vare på området. Nasjonalparken er i dag blant dei mest trua verneområda i verda og har sett bestandane av mange artar bli meir enn halvert, i nokre tilfelle redusert med over 90 prosent og til kritisk låge nivå.¹⁸

⁹ FN sin organisasjon for utdanning, vitskap, kultur og kommunikasjon (*United Nations Educational, Scientific and Cultural Organisation*, UNESCO) kan med utgangspunkt i FN sin verdsarvkonvensjon ("Convention Concerning the Protection of the World Cultural and Natural Heritage", 1972) utnemne område som verdsarvområde for naturarv, kulturarv eller begge delar. Per september 2012 var det 745 kulturarvlokaltetar, 188 naturarvlokaltetar og 29 kombinerte lokalitetar. Virunga er på lista over naturarv.

¹⁰ Virunga nasjonalpark vart skriven inn på lista over verdsarv på bakgrunn av at området oppfylte tre av dei fire kriteria for naturarv: "vii) to contain superlative natural phenomena or areas of exceptional natural beauty and aesthetic importance", "viii) to be outstanding examples representing major stages of earth's history, including the record of life, significant on-going geological processes in the development of landforms, or significant geomorphic or physiographic features", og "x) to contain the most important and significant natural habitats for in-situ conservation of biological diversity, including those containing threatened species of outstanding universal value from the point of view of science or conservation." (<http://whc.unesco.org/en/criteria>). For meir informasjon om Virunga sine universelle verdiar, sjå UNESCO sine websider (<http://whc.unesco.org/en/list/63>).

¹¹ Med utgangspunkt i Ramsar-konvensjonen ("Convention on Wetlands of International Importance", 1971) kan våtmarker av internasjonal viktighet få status som Ramsar-område basert på nominering av nasjonalstaten og faglege vurderingar av ulike partar (www.ramsar.org).

¹² <http://www.worldwildlife.org/science/ecoregions/WWFBinaryitem6498.pdf>, og http://www.wwf.panda.org/about_our_earth/ecoregions/albertine_montane_forests.cfm.

¹³ http://www.conservation.org/where/priority_areas/hotspots/africa/Eastern-Afromontane/Pages/default.aspx.

¹⁴ BirdLife International 2001. "Important Bird Areas in Africa and Associated Islands: Priority Sites for Conservation". BirdLife Conservation Series no. 11. BirdLife International, Cambridge.

¹⁵ BirdLife International 1998. "Endemic Bird Areas of the world: Priorities for Biodiversity Conservation". BirdLife Conservation Series no. 7. BirdLife International, Cambridge.

¹⁶ http://www.cepf.net/where_we_work/regions/africa/eastern_afromontane/Pages/default.aspx.

¹⁷ Sjø til dømes UNESCO sin rapport frå den 18. sesjonen til verdsarvkomiteen, dokument WHC-94/CONF.003/16 (<http://whc.unesco.org/archive/1994/whc-94-conf003-16e.pdf>). Per september 2012 er Virunga eit av 18 verdsarvområde for naturarv som står på lista over trua verdsarv (<http://whc.unesco.org/en/danger/>).

¹⁸ Languy, M. & de Merode, E. (red.) 2009. *Op. cit.*

Borgarkrigsliknande tilstandar, ulike væpna grupper som har hatt tilhald i parken, organisert krypskyting, organisert ulovleg hogst og produksjon av trekol, leiting etter mineral og metall, ekstrem fattigdom i områda rundt parken, store mengder internt fordrevne og flyktningar nær parken, ein svært ustabil tryggleikssituasjon og avgrensa ressursar i parkforvaltninga er blant faktorane som har bidrege til stort press på parken sine ressursar og verdiar. Nasjonalparken er i dag svært sårbar.

4.2 Petroleumsinteresser i og rundt Virunga nasjonalpark

Interessa for oljeleiting har dei seinare åra tatt seg kraftig opp i austlege DRC etter fleire funn av olje i liknande geologiske formasjonar i Albertine Graben¹⁹ like over grensa i nabolandet Uganda. Tre blokker i austlege DRC dekkar ulike delar av Virunga nasjonalpark og verdsarvområde og til saman ein stor del av parken (over 80 %). Blokk V og III er lisensiert til ulike selskap, medan blokk IV per august 2012 ikkje er under lisens. Figur 2 under viser parken si utstrekning og dei tre blokkene. Det er endå ikkje gjennomført leiteboringar i desse blokkene i DRC. I nabolandet Uganda er det lisensiert leiteblokker for olje- og gass som grensar til DRC. Det er i fleire av blokkene på ugandisk side gjennomført leiteboringar og gjort kommersielt drivverdige funn av olje.

4.2.1 Blokk V

Blokk V dekkar eit stort areal (7 105 km²) i austlege DRC. I aust grensar blokk V mot Uganda. Over halvparten av blokk V overlappar med Virunga nasjonalpark og verdsarvområde. Nasjonalparken strekker seg som ein korridor gjennom blokk V frå nordaust til sentrale delar av blokka i sør. Sjølv om delar av blokka ligg utanfor nasjonalparken, er desse områda i realiteten lite interessante for SOCO sidan areala med sedimentære bergartar som kan innehalde olje og gass, i all hovudsak ligg innanfor den delen av blokka som er nasjonalpark (sjå figur 3 for illustrasjon).

4.2.2 SOCO sine aktivitetar så langt


I 2008 inngjekk SOCO med partnerar ein produksjonsdelingsavtale (PSC) for blokk V. Ifølgje avtalen skal det utførast geologiske og geofysiske undersøkingar, og det skal samlast inn minst 300 km med seismiske data og borast to leitebrønnar.²⁰ SOCO sine føreslåtte aktivitetar vart i mars 2011 avslått av DRC sin miljøvernminister etter at SOCO hadde presentert ei konsekvensutgreiing ("Environmental Impact Assessment" (EIA)) for aktivitetar i blokk V, inkludert Virunga nasjonalpark. Dette fell saman med at styresmaktene ville gjennomføre ei større strategisk konsekvensutgreiing for å vurdere mellom anna miljømessig konsekvensar av petroleumsverksemd i ein større region i austlege DRC. Om lag eit år seinare (mars 2012) rapporterte SOCO at selskapet hadde fått løyver frå petroleums- og miljøstyresmaktene i DRC til å gjennomføre undersøkingar.²¹ SOCO har starta førebuande aktivitetar inne i nasjonalparken, til dømes rekognosering. Per september 2012 planlegg selskapet å gjennomføre helikopterbaserte magnetiske- og gravitasjonsstudiar over Edward-sjøen og savanneområde på land i løpet av 2012.²² Desse områda er inne i nasjonalparken og verdsarvområdet. Deretter vil det vere aktuelt å utføre seismikkundersøkingar og seinare eventuelt leiteboringar.

¹⁹ Albertine Graben ligg innanfor det området som er omtalt som Albertine Rift over.


²⁰ SOCO 2008. "Annual report and accounts 2007". s. 19.

²¹ <http://www.socointernational.co.uk/index.php?cID=299&cType=news>.

²² <http://www.socointernational.co.uk/block-v-and-the-virunga-national-park#!tab=695>.



Figur 2 Virunga nasjonalpark (mørkegrøn bakgrunn med lysgrøn grense) og oljeblokker i DRC og Uganda (oransje grenser). SOCO er operatør i blokk V i den sørlege delen av nasjonalparken. Blokk V er indikert med stipla raud linje (kjelde: modifisert frå <http://whc.unesco.org/en/news/849>).



Figur 3 Raud innringing viser areal som er interessante for olje- og gassleiting. Nesten heile dette arealet ligg innanfor det grøne området som er Virunga nasjonalpark, inkludert storparten av Edward-sjøen. Raud og blå skravering er areal for seismikk for høvesvis Edward-sjøen og landområde (kjelde: SOCO International plc.).

4.3 Nasjonale lover og internasjonale normer

Både nasjonalt lovverk og internasjonale konvensjonar og standardar er relevante for petroleumaktivitetar i blokk V i austlege DRC. Artikkel 3 i lov 69-41 (22. august 1969) om

vern av natur i DRC²³ og artikkel 33 i miljølova (lov 11/009, 19. juli 2011)²⁴ inneber forbod mot leiting etter olje eller gass i nasjonalparkar og andre aktivitetar som skadar miljøet i slike område.

FN sin verdsarvkonvensjon (1972) er ratifisert av DRC,²⁵ og verken konvensjonen eller dei operasjonelle retningslinjene for gjennomføring av konvensjonen tillet olje- eller gassaktivitet i eit verdsarvområde.²⁶ Slike tilhøve vert også vurdert og avklara under identifisering av lokalitetar for verdsarvlista. Statar som er part til konvensjonen, skal ikkje tillate olje- eller gassaktivitet i eit verdsarvområde. Det eksisterer eit tidlegare tilfelle der UNESCO har gått til det alvorlege steget å fjerne eit naturområde frå verdsarvlista. Dette var Arabian Oryx Sanctuary i Oman²⁷ som vart fjerna frå verdsarvlista på grunn av at staten reduserte arealet av det nasjonale verneområdet som var grunnlaget for verdsarvområdet, for å opne opp for leiting etter olje og gass.²⁸

UNESCO har reagert kraftig på utviklinga i Virunga og bedt styresmaktene i DRC om å stoppe SOCO sine aktivitetar inne i nasjonalparken og ikkje gje løyve i strid med pliktene under konvensjonen.²⁹ SOCO sine aktivitetar synes også å vere i strid med Kinshasa-

²³ "Offentlig jord på verna område kan verken gjevast avkall på eller tildelast. Dei kan ikkje få ein status som ikkje er i samsvar med naturvernet". ("Ordonnance-loi 69-041 du 22 août 1969, sur la conservation de la nature", "article 3: Les terres domaniales situées dans les réserves intégrales ne peuvent être ni cédées ni concédées. Elles ne peuvent recevoir d'affectation incompatible avec la protection de la nature.")

²⁴ "Einkvar aktivitet som kan skade miljøet, er forbode i dei verna områda og i forbodssonene. Einkvar rett gjeven innanfor grensene til dei område og soner som det visast til i 1. avsnitt, er ugyldig." ("Loi no. 11/009 du 09 juillet 2011 portant principes fondamentaux relatifs a la protection de l'environnement", "article 33: Toute activité susceptible de nuire à l'environnement est prohibée dans les aires protégées ainsi que dans les zones interdites. Est nul tout droit accordé dans les limites des aires et zones visées à l'alinéa 1^{er}.")

²⁵ DRC ratifiserte konvensjonen i 1974. Per september 2012 hadde 190 land ratifisert konvensjonen.

²⁶ "Convention Concerning the Protection of the World Cultural and Natural Heritage" (<http://whc.unesco.org/archive/convention-en.pdf>) og "The Operational Guidelines for the Implementation of the World Heritage Convention" (<http://whc.unesco.org/archive/opguide12-en.pdf>).

²⁷ UNESCO 2007. "Oman's Arabian Oryx Sanctuary: first site ever to be deleted from UNESCO's World Heritage List" (<http://whc.unesco.org/en/news/362>).

²⁸ Vedtak 31 COM 7B.11 (<http://whc.unesco.org/archive/2007/whc07-31com-24e.pdf>).

²⁹ Sjø til dømes vedtaka på den 36. sesjonen til UNESCO sin verdsarvkomité i 2012: "The World Heritage Committee" ... "5. *Expresses its deep concern over the granting of a Certificate of Environmental Acceptability for an aeromagnetic and aerogravimetric data gathering campaign, which appears to contradict the Government's decision announced at the 35th session of the Committee to suspend petroleum exploration pending completion of the strategic environmental assessment; 6. Reiterates its request to the State Party to revise its authorizations and not to grant new authorizations for petroleum and mining exploration and exploitation within the property boundaries and recalls its position on the incompatibility of petroleum and mining exploration and exploitation with World Heritage status;*" ... "12. *Urges the State Party to continue the implementation of the corrective measures decided by the Committee at its 35th session (UNESCO, 2011) in accordance with the commitments in the Kinshasa Declaration to rehabilitate the Outstanding Universal Value of the property; ...*" (UNESCO 2012. "Decisions adopted by the World Heritage Committee at its 36th session (Saint-Petersburg, 2012)". Document WHC-12/36.COM/19. s. 13 (<http://whc.unesco.org/archive/2012/whc12-36com-19e.pdf>)). UNESCO sin verdsarvkomité har i sine vedtak kvart år sidan den 32. sesjonen i 2008 uttrykt sine sterke bekymringar for Virunga nasjonalpark og sine kritiske merknadar til oljekonsesjonar i nasjonalparken fordi slike bryt med verdsarvkonvensjonen, og komiteen har bedt styresmaktene i DRC å ikkje godkjenne og å trekke tilbake slike konsesjonar i dei områda som gjeld verdsarvområdet og å respektere nasjonalt miljølovverk (<http://whc.unesco.org/archive/2008/whc08-32com-24reve.pdf>, <http://whc.unesco.org/archive/2009/whc09-33com-20e.pdf>, <http://whc.unesco.org/archive/2010/whc10-34com-20e.pdf>, <http://whc.unesco.org/archive/2011/whc11-35com-20e.pdf>, og <http://whc.unesco.org/archive/2012/whc12-36com-19e.pdf>).

deklarasjonen om beskyttelse av DRC sine trua verdsarvområde signert av UNESCO sin generaldirektør og DRC sin statsminister i januar 2011.³⁰

Verdsarvområde inneheld globalt unike verdiar. Det er statar som må nominere kandidatar for verdsarvområde. Nominerte område går gjennom ein grundig prosess for vurdering og eventuelt innskriving på FN si liste over verdsarv. Statar, privat sektor, lokalsamfunn, andre interesser og ekspertar deltek i prosessen for å avklare kor vidt eit område oppfyller kriteria og kan utnemnast som verdsarvområde, og potensielle konflikhtar som kan hindre innskriving på verdsarvlista, avklarast. Denne grundige prosessen med moglegheiter for innspel frå ulike partar var avgjerande for at mange av verdas største gruveselskap i 2003 forplikta seg, gjennom *International Council on Mining and Metals (ICMM)*, til verken å leite etter eller utvinne mineral og malm frå verdsarvområde samt å unngå inngrep i nærleiken av slike område som kan skade dei universelle verneverdiane i verdsarvområda.³¹ Enkelte selskap utanfor ICMM, inkludert oljeselskap, har også forplikta seg på liknande vis. Eventuelle inngrep i denne typen verneområde er også i strid med internasjonale normer som til dømes retningslinjer og standardar for Verdsbanken og *International Finance Corporation (IFC)*.³²

Den europeiske kommisjonen (EC) og andre donorar finansierer ei strategisk konsekvensutgreiing i DRC ("Environmental Evaluation Strategy") som på heilskapleg vis skal vurdere konsekvensar ved petroleumsaktivitet i austlege DRC, ikkje berre i blokk V. Denne konsekvensutgreiinga er framleis under utarbeiding og er venta å bli ferdig tidlegast mot slutten av 2012, men mest truleg seinare i lys av forseinkingar så langt. SOCO planlegg å gå vidare med sine planar før denne konsekvensutgreiinga er ferdig.

SOCO sine aktivitetar og planar og styresmaktene i DRC si handtering av situasjonen har fått kraftig kritikk frå ei rekke internasjonale organisasjonar, inkludert Verdsbanken, EU og ei rekke bilaterale donorar og samarbeidspartar (t.d. Tyskland, Norge og Belgia).³³

5 Informasjon frå selskapet

SOCO har regelmessig oppdatert si heimeside om planane og utviklinga i blokk V.³⁴ Selskapet har svart skriftleg på spørsmål frå rådet og har kommentert på eit utkast til tilråding. SOCO har ein policy for helse, tryggleik og miljø som mellom anna seier at selskapet skal

³⁰ Kinshasa-deklarasjonen (14. januar 2011) viser mellom anna til viktigheita av gjennomføring av verdsarv-konvensjonen og miljø- og gruvelovverk i DRC (<http://whc.unesco.org/uploads/news/documents/news-702-1.pdf>). Vedtaka på den 36. sesjonen til UNESCO sin verdsarvkomité i 2012 seier mellom anna: "The World Heritage Committee" ... "5. *Considers that the recent permit which has been granted to the international oil and gas company SOCO to start oil exploration activities in Virunga National Park is not in conformity with commitments made by the State Party in the Kinshasa Declaration;* 6. *Urges the State Party to ensure a full implementation of the commitments made in the Kinshasa Declaration ...*" (<http://whc.unesco.org/archive/2012/whc12-36com-19e.pdf>).

³¹ ICCM 2003. "Mining and protected areas - position statement" (<http://www.icmm.com/document/43>).

³² World Bank 2001. "Operational Policy 4.04: Natural Habitats" (<http://web.worldbank.org/WBSITE/EXTERNAL/PROJECTS/EXTPOLICIES/EXTSAFEPOL/0,,contentMDK:20543920~menuPK:1286576~pagePK:64168445~piPK:64168309~theSitePK:584435,00.html>), og International Finance Corporation (IFC) 2012. "Performance Standards on Environmental and Social Sustainability" (www.ifc.org/performancestandards).

³³ Sjå til dømes brev til DRC sin statsminister Adolphe Muzito datert 30. november 2010 og signert av Verdsbanken sin direktør for DRC og EU, Norge og Tyskland sine ambassadørar til DRC.

³⁴ <http://www.socointernational.co.uk/block-v-and-the-virunga-national-park>.

overhalde alle gjeldande lover og krav innan helse, tryggleik og miljø der selskapet opererer, og der slike ikkje eksisterer, oppretthalde industristandardar som eit minimum.³⁵

Selskapet har heile tida vore klar på sin posisjon om at selskapet vil gjennomføre sine planar og aktivitetar så lenge styresmaktene i DRC ynskjer det. Selskapet viser til DRC sin rett og plikt til å utnytte naturressursane i landet og skape utvikling og samfunnsmessige fordelar av desse ressursane. Selskapet meiner vidare at SOCO sitt nærver og framtidige støtte til ansvarleg naturressursforvaltning og vern av parken kan vere positiv, gitt dei avgrensa ressursane parkforvaltninga har, og den store fattigdommen i regionen. SOCO legg også vekt på at selskapet ikkje planlegg aktivitetar i dei fjellområda av nasjonalparken der mellom anna dei kritisk trua fjellgorillaane held til.³⁶

I kommunikasjonen med Etikkrådet skriv SOCO at selskapet meiner verdsarvstatusen ikkje forbyr å utnytte ressursar i bakken og at løyve til å leite etter olje ikkje går imot UNESCO-konvensjonen si ånd og/eller fører til at Virunga må fjernast frå lista over verdsarv. Selskapet meiner mellom anna at nasjonalt lovverk har presedens over konvensjonen, at aktivitetane er lovlege etter nasjonalt lovverk og at aktivitetane difor ikkje strid mot konvensjonen. Som støtte for sitt syn viser selskapet til artikkel 6 i konvensjonen³⁷ og meiner denne betyr at nasjonalt lovverk står over konvensjonen. Selskapet viser vidare til artikkel 3 i konvensjonen³⁸ som støtte for at statsparten til konvensjonen har rett til å avgrense naturarv- og kulturarvområde. På denne bakgrunn konkluderer SOCO med at styresmaktene i DRC kan gje SOCO løyve til å leite etter olje og gass i nasjonalparken. SOCO meiner også at selskapet sine aktivitetar er fullt ut konsistente med DRC sine plikter under Kinshasa-deklarasjonen frå januar 2011.

Selskapet meiner alle aktivitetar som er gjennomført per august 2012, er lovlege ifølgje lovverket i DRC. Selskapet meiner at eldre lovverk som eksisterte under etablering og seinare endringar av nasjonalparken (i 1925, 1934 og 1935),³⁹ erkjenner at det eksisterte rettar til gruveselskap, at desse rettane per i dag ikkje er trekt tilbake, at rettane viser styresmaktene sin aksept for ressursutnytting i parken og at dei gjev grunnlag for unntak frå naturvernlova av 1969. Selskapet meiner på dette grunnlaget at nasjonalparken ikkje er til hinder for å drive petroleumsvirksomheit. Vidare viser selskapet til at staten i DRC er suveren og når som helst kan endre vernestatus for delar av eller heile nasjonalparken av omsyn til nasjonale utviklingsinteresser.

Når det gjeld den strategiske konsekvensutgreiinga som styresmaktene har sett i verk for austlege DRC (delar av Albertine Graben), meiner SOCO at det må gjennomførast

³⁵ SOCO sin "Health, Safety and Environment Policy Statement" (<http://www.socointernational.co.uk/hses-policy-statements#!tab=481>), og SOCO sin "Code of Business Conduct and Ethics and Guidelines for Implementation" (<http://www.socointernational.co.uk/code-of-business-conduct-and-ethics#!tab=465>).

³⁶ Om lag 480 av verda sin samla bestand på om lag 780 fjellgorillaer (*Gorilla beringei beringei*) finst i Virunga-massivet i grenseområda mellom DRC, Rwanda og Uganda. Virunga er leveområde for ein av dei to populasjonane fjellgorilla som framleis finst (<http://www.igcp.org/gorillas/mountain-gorillas/>).

³⁷ SOCO har sitert følgjande utdrag av artikkel 6: "While respecting the sovereignty of States over the territory in which the cultural and natural heritage mentioned in Articles 1 and 2 is located and without prejudice to the real right provided for by domestic legislation over said heritage, the Party states here acknowledge that it constitutes a universal heritage for the protection..." (originalt sitat frå selskapet er inkludert sjølv ved feil i sitering frå konvensjonen).

³⁸ SOCO har sitert følgjande utdrag av artikkel 3: "delimit the various assets located in its territory and referred to in Articles 1 and 2 above ..." (originalt sitat frå selskapet er inkludert sjølv ved feil i sitering frå konvensjonen).

³⁹ Dekret 21. april 1925 for etablering av Albert nasjonalpark. Dekret 26. november 1934 om grensene til nasjonalparken, endra ved dekret 12. november 1935.

undersøkingar av petroleumspotensialet inne i Virunga nasjonalpark. Utan denne informasjonen meiner selskapet den strategiske konsekvensutgreiinga er ein nyttelaus og ubalansert aktivitet. Selskapet skriv vidare at dei miljømessige og sosiale studiane selskapet utfører, er i tråd med UNESCO sine operasjonelle retningslinjer for gjennomføring av verdsarvkonvensjonen. SOCO legg vekt på at selskapet er klar over at Virunga er eit særskilt sensitivt område, og at selskapet difor gjer mykje for å minimere miljøkonsekvensane.

Selskapet framhevar at dei viktigaste truslane mot nasjonalparken og grunnane til at parken står på FN si liste over verdsarv i fare, er uavhengige av SOCO. Selskapet hevdar at utvikling av petroleumsressursar i regionen både kan bidra til utvikling og styrke vernet av Virunga nasjonalpark. SOCO har som mål at dei positive sosiale konsekvensane skal vere mykje større enn dei negative miljøkonsekvensane ved petroleumsaktivitet. Skulle det bli påvist petroleumsressursar i nasjonalparken, meiner selskapet at desse kan utvinnast på ein miljømessig forsvarleg måte og på lovleg vis, eller gjennom ei modifisering av statusen til området der utvinningsaktivitetane føregår. SOCO skriv at selskapet ikkje har infrastruktur inne i parken og heller ikkje arbeider i parken.

SOCO skriv også at selskapet planlegg å gjennomføre studiar med helikopter over Edward-sjøen og savanneområde i nasjonalparken i 2012 for å samle inn informasjon om magnetisme og gravitasjon. Studiane vil dekke eit areal på om lag 3 700 km². Deretter planlegg selskapet å gå vidare med seismiske undersøkingar på Edward-sjøen. SOCO opplyser at selskapet endå ikkje har planlagt leiteboringar.

6 Etikkrådet si vurdering

Etikkrådet har vurdert SOCO sine planar og aktivitetar i blokk V opp mot kriteriet alvorleg miljøskade i dei etiske retningslinjene for Statens pensjonsfond utland. Rådet har vurdert verdiane og sårbarheita til Virunga nasjonalpark og verdsarvområde, kor alvorlege skadeverknadane er venta å vere, om konsekvensane er venta å vere langvarige eller irreversible og om verksemda til selskapet bryt med nasjonale lover eller internasjonale normer. Vidare har rådet vurdert om selskapet har gjort eller planlegg tilstrekkelege tiltak for først å unngå og seinare avbøte eventuelle skadar, samt om det er truleg at selskapet sine aktivitetar vil fortsette.

Rådet legg særleg vekt på at Virunga nasjonalpark og verdsarvområde er eit stort og viktig verneområde med globalt unike verdiar, inkludert ein uvanleg stor variasjon i naturtypar og ein ekstremt stor rikdom av artar. Nasjonalparken har mange sjeldne og trua artar. Området er mellom anna eit FN verdsarvområde, eit våtmarksområde av internasjonal viktighet under Ramsar-konvensjonen og er inkludert i dei fleste globale prioriteringar innan biologisk mangfald og naturvern. Rådet peikar på at det finst svært få natur- og verneområde i verda som kan måle seg med Virunga nasjonalpark når det gjeld rikdom i det biologiske mangfaldet.

Området er på same tid svært sårbart og utsett for ei rekke truslar, noko som har gjort at FN har plassert Virunga nasjonalpark på lista over trua verdsarv. Olje- og gassaktivitetar i dette området vil resultere i alvorlege, negative konsekvensar for nasjonalparken. Rådet vurderer det som sannsynleg at olje- og gassaktivitetar i parken også vil resultere i auka tilflytting til området. Dette vil indirekte auke presset på naturressursane i parken sidan personar som flyttar til området i håp om arbeid og inntekter, mest truleg vil få delar av sine behov for mat og energi dekkja frå naturressursar hausta i parken på ulovleg vis. Dette vil bidra til ytterlegare press mot det sårbare området der parkforvaltninga har svært avgrensa ressursar til å handtere ei rekke alvorlege truslar mot eit stort område.

SOCO ynskjer å leite etter olje og gass inni nasjonalparken og er forplikta ovanfor styresmaktene til å samle inn seismikkdata for minst 300 km og gjennomføre to leiteboringar i blokk V. Selskapet sine planar og aktivitetar viser at SOCO investerer med føremål å gjennomføre ei rekke petroleumsaktivitetar i dei delane av blokk V som ligg i Virunga nasjonalpark og verdsarvområde, både på land og i Edward-sjøen. Selskapet meiner aktivitetane verken er i strid med DRC sitt lovverk eller FN sin verdsarvkonvensjon. Rådet finn at selskapet i sine resonnement brukar selektive utval og ukorrekte tolkingar av verdsarvkonvensjonen og lovverket. Selskapet sin referanse til konvensjonen sin artikkel 3 gjev ikkje nasjonalstaten rett til å endre grensene til eit etablert verdsarvområde slik selskapet hevdar. Artikkel 3 viser til at nasjonalstaten har rett til å nominere kandidatar for verdsarv og skal i denne samanheng identifisere lokalitetar og føreslå avgrensing. Vedtak om verdsarvstatus for eit område, grensedraging og seinare eventuelle endringar gjerast under konvensjonen der staten er part, men ikkje einsidig av nasjonalstaten. Artikkel 6 i konvensjonen handlar om internasjonalt samarbeid og bistand, og den gjev sjølvstendig eller ikkje nasjonalstaten rett til å handle i strid med konvensjon. Artikkel 6 understrekar viktigheta av at det internasjonale samarbeidet skal respektere suvereniteten til nasjonalstaten og skje med staten sitt samtykke. Når det gjeld nasjonalt lovverk, legg rådet til grunn at både naturvernlova (artikkel 3 i lov 69-41 av 22. august 1969) og miljølova (artikkel 33 i lov 11/009 av 19. juli 2011) forbyr miljøskadeleg aktivitet, inkludert petroleumsaktivitet, i Virunga nasjonalpark.

Rådet finn difor at selskapet sine pågåande og planlagde aktivitetar er i strid med internasjonale konvensjonar som FN sin verdsarvkonvensjon og dei operasjonelle retningslinjer for gjennomføring av konvensjonen, nasjonalt lovverk og ulike internasjonale standardar som retningslinjene til Verdsbanken, IFC og ICMM. Sidan selskapet sine aktivitetar og planar er i strid med verdsarvkonvensjonen, vil UNESCO truleg måtte fjerne verdsarvstatusen for nasjonalparken. Truleg vil DRC sine styresmakter måtte redusere eller fjerne nasjonalparken ettersom olje- og gassleiding er i strid med naturvern- og miljølovverket. Konsekvensane av dette vil mest truleg vere at den globalt særleg verdifulle og sårbare nasjonalparken og verdsarvområdet vert langvarig eller irreversibelt skada eller øydelagt.

I den situasjonen som rådar i og rundt den sårbare nasjonalparken, finst det truleg ikkje avbøtande tiltak som kan hindre alvorlege skadar på nasjonalparken sine naturverdiar om SOCO leitar etter og eventuelt utvinn olje eller gass i nasjonalparken. I høve til førebygging av skadar på verdsarvområdet vurderer rådet det slik at det berre er stopp i aktiviteten til SOCO i dei områda av blokk V som ligg i nasjonalparken, som vil ha tilstrekkeleg verknad. SOCO er tydeleg på sine intensjonar og planar og har opplyst at selskapet har fått naudsynte løyve frå styresmaktene i DRC og vil byrje kartlegginga av potensielle olje- og gassressursar inne i parken. På denne bakgrunn vurderer rådet framtidig risiko for alvorleg miljøskade som stor.

7 Tilråding

Etikkrådet tilrår å utelukke selskapet SOCO International plc. frå investeringsuniverset til Statens pensjonsfond utland på grunn av ein uakseptabel risiko for at selskapet vil vere ansvarleg for alvorleg miljøskade.

Ola Mestad
Leiar

(sign.)

Dag Olav Hessen

(sign.)

Ylva Lindberg

(sign.)

Gro Nystuen

(sign.)

Bente Rathe

(sign.)